SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Nærings- og kulturavdelinga

Sakshandsamar:
Kristin Arnestad
E-post: kristin.arnestad@sfj.no
Tlf.: 90616843

Vår ref.
Sak nr.: 19/4119-9
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 21.06.2019

Lærdal Grønt SA
Grandavegen 6

6887 LÆRDAL

Melding om vedtak - ny infrastruktur og ny felles organisering for frukt- og bærnæringa i Sogn og Fjordane

Vedtak
Vi viser til søknad sendt til oss 12. april 2019, oppdatert søknad sendt 15. mai 2019, samt dialog i saka. De har søkt fylkeskommunen om 25 mill. kr. til ny infrastruktur og felles organisering for frukt og bærnæringa i Sogn og Fjordane.

Fylkestinget fekk søknaden lagt fram i møte 4. juni 2019, i sak 31/19 Tertialrapport 1/2019. Fylkestinget gjorde følgjande endelege vedtak i saka:

Sektorbudsjettet til næring og kultur vert auka med 45,650 mill. kr med slik fordeling:
Teneste 7012 Bransjeretta satsing vert auka med 19,250 mill. kr
Teneste 7015 Nyskaping vert auka med 5,000 mill. kr
Teneste 7600 Muséer vert auka med 21,400 mill. kr

Felles for alle søknadane må vere at dei er innanfor statstøtteregelverket og at prosjekta vert fullfinansierte. Fylkesrådmannen får i oppgåve å følgje opp søknadane innanfor rammene som er gjeve ovanfor.

Gjennom auken til tenesteområde 7012 vedtok fylkestinget å gje eit tilskot til Lærdal Grønt og prosjektet Ny infrastruktur og felles organisering for frukt og bærnæringa i Sogn og Fjordane på 15 mill. kr.

Det står enno att avklaringar knytt til mellom anna kostnadsgrunnlag, og statsstøtteregelverk før vi kan skrive endeleg tilskotsbrev med vilkår for tilskotet. Men gjennom fylkestinget sitt vedtak forpliktar fylkeskommunen seg til å yte eit tilskot til prosjektet Ny infrastruktur og felles organisering for frukt og bærnæringa i Sogn og Fjordane på 15 mill. kr. dersom de oppfyller vilkåra i vedtaket.

Vilkår
Det er eit absolutt vilkår at tilskotet skal vere innanfor statsstøtteregelverket. Det vil seie at de må spesifisere tydeleg kostnadsgrunnlaget slik at det kan gjerast naudsynte vurderingar. Det må til dømes vere mogleg å skilje ut salsområde for bearbeidde produkt.

De har fått noko mindre enn søkt om i tilskot frå fylkeskommunen. Når vi vurderer oppfylling av vilkår om fullfinansiering, vil vi legge til grunn at prosjektet vert gjennomført i tråd med intensjonane i søknaden. Det vil vere avgjerande at aktørane faktisk forpliktar seg slik som tenkt, og at prosjektet vil bli eit stort felles fylkesløft.

Statusoppdatering
Vi ynskjer å vere oppdatert om framdrifta i prosjektet og ber dykk om ei kort statusoppdatering innan 20. august 2019.

Vi ber om at de sender oppdatert informasjon slik at vi har høve til å vurdere vilkåra, og skrive eit tilskotsbrev i løpet av hausten 2019.

Dersom de har spørsmål tek de kontakt med sakshandamar.
Med helsing

Endre Høgalmen
ass. fylkesdirektør

Kristin Arnestad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi til:
Tore Eriksen, fylkesrådmann
Adrian Husabø Bjørseth, næringsseksjonen
Jan Gurvin, Innovasjon Norge